



ÅRDAL

KOMPETANSE- STRATEGI






INNHALD

Planstruktur	s 4
Prioriterte satsingsområde	s 5-7
Kompetansestrategi, prosess, funn	s 8
Kompetanse - prioriterte strategiar	s 9
Strategi 1 Kompetansesenter	s 10
Strategi 2 Teknologi og innovasjon	s 12
Strategi 3 Organisering	s 16
Næringsmiljø/klynge	s 18



STRATEGISK NÆRINGSPLAN ÅRDAL 2017-2020

Planstruktur





«Årdal må saman med regionen bygge ut kompetansenettverk, møteplassar og forsterke samhandlinga om kompetanseutvikling og innovasjon, for å sikre læring og kunnskapsutveksling på alle nivå.»

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE:

KOMPETANSE OG INNOVASJON

Fakta:

Dei neste åra vil kompetanse vere svært viktig for industrien lokalt, regional, nasjonalt og internasjonalt, ved t.d. den fjerde industrielle revolusjon/Industri 4.0 (digitalisering, styring, sensorikk m.m), auka krav til produktivitet og grønt skifte. Lokalt næringsliv vil ha behov for kompetent arbeidskraft både til utvikling og «dagleg drift».

Grunnlag:

Industrien i Årdal er svært kompetanseintensiv. Industrimiljøet i Årdal med dei største verksemdene Hydro, NorSun, HMR i spissen, er i hovudsak kompetansearbeidsplassar, og næringsaktørane i Årdal meiner at kompetanse er det viktigaste for dei – i dag og framover.


Hovudutfordringa er tilgangen på fagutdanna arbeidskraft til viktige deler av næringslivet i Årdal og regionen. Vi må få til auka samhandling mellom offentlege myndigheiter, utdanningsinstitusjonar og næringsliv om tiltak for å styrke tilgangen på fagutdanna arbeidskraft.

Dei nye næringane – reiseliv, helse og tenesteningane, som skal gjere Årdal mindre sårbar, stiller nye/anna krav til kompetanse.


Mål:

Med utgangspunkt i våre sterke og vekstkraftige næringsmiljø, må vi utvikle ein kompetansestrategi som kom binerer kompetanse, nettverk og kapital. Samarbeid mellom FoU og næringslivet vert ein nøkkelfaktor i strategien.

- » Auka innovasjonsgrad, auka knoppskyting, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønnsemd og betre konkurransekraft.
- » Sikre verksemdene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.
- » Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale
- » Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar og næringslivet for å realisere eit enda større utbytte hjå alle aktørane.



«Dette skal danne grunnlag for å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft til alle bedrifter i Årdal og regionen på mellomlang og lang sikt»



«Strategien skal vere eit strategisk fundament for å få fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og eit stort innovativt næringsmiljø»

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE:


- UTDANNINGSRETNINGAR TILPASSA NÆRINGSLIVET SINE BEHOV

Mål:

Saman med Årdal vidaregåande skule og grunnskulen etablere utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov i Årdal og regionen. Skulen skal vere eit ressurscenter for næringsmiljø og regionen og skal legge til rette for behov knytt til kompetansereforma og gje tilbod om opplæring for næringsliv, arbeidsledige og permitterte.

- » Etablere saman med Sogn Opplæringskontor samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar i Årdal og etablere praktiske ordningar for å flytte læringsarenaen frå klasserommet og ut i næringslivet. Arbeide fram eit høgskuletilbod i Årdal.
- » Etablere «SITEP, Senter for innovasjon, teknologi og prosess» i Årdal saman med ulike aktørar. Senteret skal saman med interessentar utvikle samarbeidet mellom grunnskule og vidaregåande skule og sikre ei god plattform for kompetanseutvikling.
- » Arbeide for å styrke fagutdanninga i den vidaregåande skulen, saman med næringslivet og Årdal vidaregåande skule.
- » Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal», der ein set fokus på kunnskapsutvikling, innovasjon og nyskaping.

KOMPETANSESTRATEGI – PROSESS - FUNN



Prioriterte strategiar

- » Bedriftene bekreftar stort kompetansebehov - tilrettelegging for kurs/kompetanse tiltak
- » Stor interesse for å etablere eit teknologi/ innovasjonssenter («øvingsfabrikk») – testing, øving, utvikling
- » Grunnskulen og vidaregåande skule svært interessert i å få tilrettelagt for undervisning i teknologifag i praksis og yrkesfaga med rett kompetanse og attraktivt utstyr
- » Muligheiter for utvikling av regionalt Norsk Katapult senter saman med SINTEF Raufoss Manufacturing
- » Etablering og samlokalisering av innovasjonsmiljø tett på industriområde til Hydro



KOMPETANSE - PRIORITERTE STRATEGIAR

KOMPETANSESENTER

Etablere kompetansesenter

- » Kursmekling mot næringslivet
- » Undervisningstilbud til grunnskulen – teknologifag i praksis
- » Tilbud til vidaregåande skule – teknologifag i praksis, styrking av fagutdanninga
- » Utvikling av prøvesenter for lærlingar

Kopling mot fagskule/høgskule/universitet – desentraliserte tilbod

TEKNOLOGI OG INNOVASJON

Etablere SITEP AS (Senter for innovasjon, teknologi og prosess)

- » Teknologi/testcenter (ref. «Norsk Katapult»)
- » Rekruttere teknologikompetanse
- » Prosjektutviklingskompetanse
- » Stipendiat stillingar/ master studentar

Auke tal FoU prosjekt i næringslivet

Utvikle nettverkssamarbeid med ulike industri og kompetansetilbud

ORGANISERING

Skape arena for kompetanse og innovasjon

- » Samlokalisering av aktørar
- » Kompetanse på prosjektfinansiering
- » Kontormiljø

Utvikle bedriftsnettverk/ klynge – møteplassar

Auka innovasjon og knoppskyting

Regional rolle på industri-utvikling



STRATEGI 1 - KOMPETANSESENTER

ETABLERING AV KOMPETANSESENTER

Næringslivet i Årdal er veldig kompetanseintensivt og Industri 4.0/digitalisering stiller nye krav til tilsette og til rekruttering av framtidig kompetanse. Næringslivet peikar på behov for å få tilrettelagt kurs/kompetanseaktivitetar lokalt for å kunne utvikle eigne tilsette på kort sikt. Ein må samtidig sikre at dei som kjem ut frå skulane og skal rekrutterast i framtida er godt «rusta» i forhold til den framtidige teknologiutviklinga. Det er viktig å motivere elevane i tidleg alder til interesse for teknologi og realfag, og kunne støtte skulane i arbeidet med dette. Næringslivet er villige til å stille opp med fagressursar inn i ei slik undervisning. Sogn Opplæringskontor har i dag ei sentral rolle opp mot lærlingløpet i næringslivet i Årdal og regionen. Dei gjennomfører mange ulike kurs/kompetanseaktivitetar retta mot desse og kan ta ei større rolle framover.

Hovudstrategi:

Etablere kompetansesenter gjennom Sogn Opplæringskontor – sikre forankring og gjere dei i stand til å ta ansvar for implementering av delstrategiane.

Delstrategiar for kompetansesenteret:

- » Etablere kurs retta mot og i samarbeid med næringslivet lokalt og regionalt (kursmekling) (kortsiktig rekruttering/kompetansetiltak)
- » Etablere undervisningstilbod til grunnskulen som vil vere med å styrke attraktivitet til skule og styrke interessa for teknologifag blant elevane – (langsiktig rekruttering)
- » Etablere tilbod til vidaregåande skule saman med SITEP for å styrke attraktiviteten til skulen og kvalitet på elevar som kjem ut frå skulen – teknologifag i praksis, styrking av fagutdanninga
- » Etablere saman med SITEP AS eit attraktivt prøvesenter for lærlingar
- » Etablere tett kopling mot fagskule/høgskule/ universitet miljø for å kunne tilby desentraliserte og attraktive undervisningstilbod lokalt i Årdal/ regionen som vil styrke næringslivet

Trekke inn fagkompetanse
frå næringslivet lokalt

Sogn Opplæringskontor

Saman med SITEP,
øvingsfabrikk og tilgang
til teknologi/utstyr

GRUNNSKULE

- Tilby tilrettelagt undervisning mot mellomsteg og ungdomsskule:
 - » Teknologifag i praksis (1,5 t pr veke), Valfag (1,5t), Arbeidslivserfaring (2t), «Koding for kidsa»

VIDAREGÅANDE SKULE

- Tilby tilrettelagt undervisning mot linjer på den vidaregåande skulen:
 - » Teknologifag i praksis (studiespesialisering)
 - » Yrkesfaglinjene - Prosess/kjemi, Automasjon, Teknikk og industriell produksjon

LÆRLINGAR/ PRØVESENTER

- Tilby tilrettelagt kurs, treningsareal og utstyr til lærlingar
- Utvikle attraktivt prøvesenter for lærlingar

NÆRINGSLIV

- Etablere kurskalender og tilby kurs til næringslivet i Årdal og regionen, hovudtema:
 - » Automasjon, overvaking og styring
 - » Prosesskompetanse
 - » Sertifisering/godkjenning
 - » Merkantile kurs (prosjektleiing, osv)

STRATEGI 2 - TEKNOLOGI OG INNOVASJON

ETABLERING AV TEKNOLOGISENTER

Industri 4.0 og teknologiutviklinga i industrien går raskt og næringslivet må følge med for å vere konkurransedyktige. Det har vore ynskje å kunne etablere eit teknologisenter/«leikegrind» med utstyr, teknologi og kompetanse som kan nyttast av næringslivet og skulane. I teknologisenteret skal bedrifter kunne teste, simulere og visualisere teknologiar, komponentar, produkt, løysingar, tenester og prosessar. Lett tilgang til ekspertise, utstyr og eigna lokal skal gjere vegen frå konseptstadiet til marknadsintroduksjon enklare. Eit slikt senter skal og kunne nyttast saman med kompetansesenteret til trening og læring for næringslivet, lærlingar og skulane.

Hovudstrategi:

Etablere selskapet SITEP AS (Senter for innovasjon, teknologi og prosess) med kompetanse og kapital for å ta ansvar for implementering av delstrategiane knytt til teknologiutvikling.

Delstrategiar for teknologisenteret:

- » Etablere teknologi/test senter med relevant utstyr, aktivitetar og tenester som kan nyttast av næringslivet og skulane
- » Sikre rekruttering av teknologi og prosjekt kompetanse til SITEP AS
- » Utvikle og styrke nettverkssamarbeid med SINTEF Raufoss og andre relevante teknologi og kompetansemiljø
- » Auke tal FoU prosjekt i næringslivet saman med andre aktørar i innovasjonsmiljøet rundt teknologisenteret
- » Auke tilgang på kompetanse til FoU prosjekt og teknologiutvikling gjennom å legge til rette for stipendiat stillingar og bruk av studentar

Investerer i utstyr
for bruk i
kompetansesenter

SITEP AS (Senter for Innovasjon, Teknologi og Prosess)

Spiss teknologi
kompetanse

ØVINGS- FABRIKK

- Etablere øvingsfabrikk med modulerlinje som kan settast saman til ei prosesslinje – øving/testing/utvikling – møte industri 4.0
- Konseptlinje + utstyr frå industrien
- Robotar, styringssystem, PLS'ar, sensorar, skjermstyring, datafangst/analyse, sikkerheit

3D PRINT LAB

- Avansert 3D printar (metall, plast, osv)
- Kundebehov for å ta fram deler, prototypar, testing/utvikling

Årdal Energi/HITCH

SMARTHUS LAB

- Etablere lab for å kunne installere/teste og vise velferd/smarthusteknologi
- Velferdsteknologi, Komfort, Energistyring, Tryggleik, osv

ENERGI LAB

- Etablere lågspent lab - «frå trafo til sluttbrukar
- For testing, kurs og kompetansetiltak



KOMPETANSESTRATEGI- ÅRDAL DEL AV SINTEF RAUFOSS SIN – «NORSK KATAPULT»

Raskere og bedre vei til markedet


Ved å tilrettelegge for utvikling av katapult-sentre skal Norsk katapult forsterke infrastrukturen for innovasjon til nytte for norsk næringsliv.

Katapultsentrene skal følgende:

Formål: Bidra til at bedriftene raskere, rimeligere og bedre evner å utvikle ideer fra konseptstadiet og frem til markedsintroduksjonen.

Målgruppe: Små og mellomstore bedrifter, men også store bedrifter, FOUI-miljøer og utdanningsinstitusjoner.

Tilbud: Utleie av utstyr, kompetanse og lokaler – der bedrifter kan teste, simulere eller visualisere teknologier, komponenter, produkter, løsninger, tjenester og prosesser.



- 1 Ide**
Skissere behov, formål og funksjonalitet
- 2 Konsept**
Presist beskrive behov, formål og funksjonalitet – ofte kombinert med å bygge en enkel modell
- 3 Prototyp**
Bygge en modell som viser utforming og funksjonalitet under konkrete forhold (prototyp)
- 4 Verifisering**
Teste modellen med all funksjonalitet i rette element – kvalitetssikring
- 4 Markedsintroduksjon**
Produsere modellen, distribuere, selge



STRATEGI 3 - ORGANISERING

SKAPE ARENA FOR KOMPETANSE OG INNOVASJON

Industrien i Årdal er ei næringsklynge som har vokse fram over mange år. Det har vore gjennomført ulike prosessar og tiltak for å styrke utviklinga og auka samarbeidet. Årdal har ein styrke gjennom lokalisering av Hydro sitt teknologisenter innanfor primær aluminium. Erfaring viser at det er behov for å skape ein fastare struktur og arena for å auke FoU aktiviteten og knoppskytinga i næringsklynga. Det er eit mål å etablere SITEP AS med eit balansert eigarskap, få samlokalisert ulike aktørar som støttar opp om innovasjonsarbeidet og samtidig knytte seg tettare til industriklynga og kompetansemiljøet på Raufoss og i regionen. Hovudmålet er å styrke innovasjons- og konkurransekrafta gjennom omfattande klyngesamarbeid mellom bedriftene og kompetansepartnarar. Dette skal bidra til økt verdiskapning i dei etablerte bedriftene samt utvikling av nye vekstbedrifter.

Hovudstrategi:

Skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/næringsklynga

Delstrategiar for teknologisenteret:

Sikre tilgjengeleg areal på Hydro sitt industriområde og samlokalisere aktørar for å skape ein arena for auka innovasjon og teknologiutvikling.

Sikre lokalisering av aktørar og styrke nettverk til aktørar med kompetanse på prosjektfinansiering.

Utvikle sterkare bedriftsnettverk/ klynge i industrien med sterke band mot industrimiljøet på Raufoss og andre industri/fagmiljø. Skape aktivitet og møteplassar i næringsklynga for å:

Få fleire og felles FoU prosjekt – auke ressursane til utviklingsprosjekt og få tilgang på ny teknologi/kompetanse

- » Felles kompetansetiltak – skape felles læringsarena mellom bedriftene og opp mot andre industri/fagmiljø.
- » Ta ei regional rolle på industri utvikling ved å integrere seg mot industrimiljø/bedrifter i regionen.



NÆRINGSMILJØ/KLYNGE ÅRDAL

